



50 år med barnehage

Barnehagane i Florø fyller 50 år, og Firdaposten starter i dag ein artikkelserie som viser den rivande utviklinga som har vore sidan Hans Erik Stenseth fekk plass i første kullet til Neparhaugen og fram til privatetableringa av Sørstrand Maritime barnehage.

Side 12-15

Barnehagen midt i by'n

Etter snart 40 års drift er Nepjarhaugen den store kontinuitetsberaren i barnehagehistoria til Flora. Men tradisjonane står ikkje i vegen for å tenke nye og spennande tankar.

SVEND ARNE VEE
svend@firdaposten.no

- Unna veg, her kjem vi! ropar små og store, og kastar seg utfor akebakken på gnistrande vinterfore i fire minus. Med hovudet først, beina i veret og til ville hyl, fyk dei parkdresskledde ned bakken i ei herleg samtro.

- Nett slik det skal vere, at dei vaksne ikkje berre passer på og avgrensar leik, men deltek saman med ungane, humrar styrar Kari Berge.

- Kem e' du? Ka heite du? Tek du bilde? Og kva skal du her hos oss, spor dei små. Sverat har dei ikkje tid å vente på. Dei må opp att på ny sklitur. Byens eldste barnehage har kanskje ikkje det største utsommet. Men dei har i alle fall perfekt akebakke!

Husmorlaget satsa

Då Nepjarhaugen stod ferdig i 1970, hadde Florø Husmorlag investert 187.376 kroner - og åtteks øre. Med utgangspunkt i ei gammal brakke kommunen hadde brukti i samband med byens hundreårsjubileum, gjekk dei driftige lagkvinnene i gang. Sigrun Melvær var den sjølvskrivne styraren, og med berre ei fast tilsett (Kari Nystrøm) og Grethe Søfteland som ulona assistent, starta dei byens første barnehage. Driftsbudsjettet for eit heilt år var på 47.176 kroner, der halvparten var foreldrebetalning. Resten kom som kommune- og statsstøtte.

- Relativt sett var det dyrt å ha born i barnehage den gongen, meiner Kari Berge, som sjølv hugsar debatten frå 1980-talet:

- Eg hadde sjølv to born i barnehage sjølv på den tida. Det koste 3500 kroner månaden, mykje pengar den gongen. Og det blei kritisk hevdta at barnehagar berre var for folk med god økonomi, eit tilbod som skapte forskjellar. Det har heldigvis endra seg, seier styraren.

Fargerikt

I dag har Nepjarhaugen markert seg som ein barnehage med sterkt fokus på minoritetsspråklege born. Med eigen fleirspråkleg medarbeidar og med 30 prosent ungar med utanlandsk opphav, har barnehagen blitt både fargerik og spennande. Kanskje ikkje så rart at dei to avdelingane på huset heiter Solstrålen og Regnbogen?

- Vi har hatt mange spennande utfordringar dei siste åra. Vi tok over barneparken i 2008, vi fekk på plass avdeling for born mellom null og tre år, og vi har blitt barnehagen for folk i eyane etter kvart som fleire samfunn der har mista tilboda sine. Eg føler vi har lukkast godt og vaksse med utfordringane, seier Kari.

Akinga er over. Det er tid for innetid og «nedgiring» mot kvilestunda klokka 12. Innomhus ventar også ei bursdagsfeiring, men først er det tårnbygging og modellering - og sjølv sagt litt mat.

NEPJARHAUGEN BARNEHAGE

■ Bygt og drifta av Florø Husmorlag frå februar 1970. Flora sin aller første barnehage. Overteken av kommunen i 1975.



■ Husar born frå Kanalen i aust til øyane i vest. Den mest sentrumsnære barnehagen i kommunen, lokalisert mellom Skudalen og Markegata, tett opp til der barneparken ligg.

■ Har i dag 37 born på to avdelingar, drifta av 11 tilsette fordelt på 6,7 faste årsværk, samt lærlingstilling i 60 prosent og fulltidstilsett tospråkleg medarbeidarar.

■ Styrar: Kari Berge

■ Visjonen er å vere «ein tradisjonsrik og fleirkulturell barnehage».

■ Kvart tredje av borna i Nepjarhaugen er minoritets-språklege.



TÅRNKOLAPS: Slik såg tårnet til Charlotte Wiik ut, sekundær fotografer fekk det i hovudet.

Til liks med eldre barnehagebygg har heller ikkje Nepjarhaugen meir plass enn dei treng. Men inne rår heimekoseleg stemming, ungane stabbar rundt i strømpebuksene, fullt opptekne med sitt. Og inne som ute: Dei vaksne leikar med.

- I ein periode sleit vi litt med samansetjinga av bemanninga. Vi var for mange i same alder og med same tankegods. I dag har vi tilsette med litt ulik bakgrunn og eit aldersspenn frå 20 til 66 år. Det er heilt perfekt, og eg er svært godt nögd med «gjengen» vår, seier Berge, som likevel har eit hjartesukk.

Manglar karane

- Vi er 11 damer. Saknet av mannlige forskulelærarar er stort også hos oss. No er vi så heldige at vi har ein eitreisk mann på språkutplassering. Han er så populær at vi andre nesten kjem i bakteksa, ler leiaren.

- Du har sett flere generasjoner småborn kome og gå. Har borna forandra seg like mykje som barnehagane?

- På sett og vis. Ungane i dag er langt meir nysgjerrige, slik du sjølv opplevde då du kom. Dei spør og undrar seg. At dei sørker så mykje informasjon, håpar og vi bidreg til. Vi vaksne skal ikkje «styre» og alltid ha alle fasitane, anten det er forskulelærarar eller foreldre. Vi skal søke kunnskap saman med borna. Det er kanskje den største forandringa, meiner Kari Berge.

Nye ansikt. Nye læreplanar. Nye utfordringar. Og sjølv sagt nye ungar. Ein barnehage er eit samfunn i konstant forandring. Men difor blir det også viktig å halde fast i noko av det tradisjonsbundne.

- Vi framførte nettopp julespelet vårt. Det er høgt elskar, og har gått uforandra sidan starten i 1971, med dei originalege kulisane og kostyma intakt. Det same gjeld jonsokbrureparet og oppoget vårt, som vi har hatt utan opphald sidan 1974. Slike er viktig, seier Kari, som også har ein annan kjeppest:

Bryt kjønnsrollene

- Likestillingsspørsmålet står sterkt hos meg. Det er viktig å tilby jenter og gutter same mogleigheter, gjennom å løfte gutane til på såkalla jenteaktivitetar og omvendt. Vi må ikkje reprodusera dei fastlagte kjønnsrollene, heller stimulere til det motsatte.

Inne på styrkontoret blar vi i gamle permar. Vi finn Årmeldinga og rekneskapen frå oppstartsåret 1970: «Utgifter til juletrefest, kr. 95,-. Vaskemidler kr. 741,-. Årlig arbeidsgiveravgift kr. 5772». Og dugnadsånda var sterkt, den gongen som no: «Vedr. gaver og dugnad: Beiset og malt hus. Malt bruskasser. Fått 2 høvelbenker. Og et bilvrak.»

«Dagens ungar er nysgjerrige og spør langt meir enn før. Vi prøver å undre oss i lag med dei, heller enn å servere fasitar.»

Styrar i Nepjarhaugen, Kari Berge

1986:

Dalvegen barnehage opnar i eit gammalt hybelhus, etter massivt press fra brukarar på venteliste.

1987:

Myrsnipa heildagsbarnehage opnar på Krokane, i Moelven-brakker, etter nytt hastevedtak for å ta unna lange ventelister.

1988:

Haveneset opnar med fire avdelingar

1989:

Sogn og Fjordane er tredje beste fylke i landet på barnehagedekning, med 44 prosent, ti prosent over landsnittet. Sogn og Fjordane får barnehage nr. 172. Talet har auka med 100 dei siste ni åra.

1990:

Dei kommunale driftsutgiftene til florøbarnehagane passerer 17 millionar, ein auka på 16 mill. på ti år. Drifta sprekk samla for første gong med nesten ein million kroner.

1991:

Stortinget vedtek målsetjing om bygging av 15.000 nye barnehageplassar.



LØYPEEE!: Føremiddag betyr utstid for ungane i byens eldste barnehage. Håkon Karstensen Indrehus og Mats Solheim Kvammen akar heilt framme. Mikhail Ivanovich, Kisanth Kamalanathan og Terese Frøyen akar saman (til venstre). Abisha Viithyananthan og Sivarani Karumakaran køyrrer også tospann. Bak dei: Casper Berntsen og Yezan M.B. Arafat. Heilt bak står Anna Dørman Dyrli.

Alle foto Svend Arne Vee



FRA OPNINGA: Spente små på ein høgtidleg dag, 22. februar 1970 opna Nepjarhaugen barnehage. Frå v. første bord: Øyvind Alsaker, Astrid Alsaker, Per Nystrøm, Leni Olsen, Hans Erik Stenseth. Bak: Ernst Kvellestad, Kurt Robert Gil, Ørjan Bakke, Rune Rishovd, Jan Harry Hamrebo, Ellen Marie Halsøy, Jan Tore Kvellestad, Britt Støyva Nota, Hans Jørgen Solheim og Olav Sigurd Nybo. «Tantene» er Sigrun Melvær og Kari Nystrøm.



PUST I BAKKEN: Jemesa Premraj tek ein velfortjent lunsjpause. Snart ventar kvilestunda. Bak henne: Charlotte Wiik.



GØY I SKUA: Mats Solheim Kvammen tek fart i sklia og kosar seg i ekte vinterter på uteområdet til Nepjarhaugen. I bakgrunnen fr.v. Lene Rongsø, Erika Støylen Amundsen og Martine Eikefjord Book.

1996:
Stortinget vedtek ny lære/rammeplan for barnehagene.

2005:
Nye Krokane barnehage står ferdig.

2006:
Ny rammeplan for norske barnehagar. Pedaogisk innhald står stadig sterke.

2009:
Den private aktoren Trygge Barnehager opnar Sørstrand maritime barnehage.

2010:
Til hausten frigjer nye skulelever ca 145 nye barnehageplassar. Totalt finst det rundt 660 born i Flora kommune som går i barnehage.

Kjelder: Barnehage-økonomi i Flora kommune (1991), Nepjarhaugen barnehage sitt arkiv, «Barnehagen erobrar Sogn og Fjordane»/Svein Ole Sataæn.